

Pilar 3-informasjon

Informasjon i samsvar med CRR/CRD IV-forskrifta (del XI)

Innhold

1	Innleiing.....	4
2	Konsernet Voss Sparebank.....	4
3	Organisering	4
4	Rekneskapsprinsipp og nykeltal	5
5	Kapitalplan, utbytestrategi og styring av kapitalnivå	6
6	Kapitalkrav	7
7	Tapsutsette og mislegheldne engasjement	9
8	Styring og kontroll av risiko	12
9	Oppsummering av kapitalbehov	20

Aktuelle kjelder :

<u>Lov om finansforetak og finanskonsern (finansforetakslova)</u>	Lovdata
<u>Forskrift om finansforetak og finanskonsern (finansforetaksforskrifta)</u>	Lovdata
<u>Forskrift om kapitalkrav og nasjonal tilpasning av CRR/CRD IV (CRR/CRD IV-forskrifta)</u>	Lovdata
<u>Forskrift om beregning av ansvarlig kapital for banker, kredittforetak, finansieringsforetak, pensjonsforetak, oppgjørssentraler og verdipapirforetak</u>	Lovdata
<u>Kapitalkravforskrifta</u>	Lovdata
<u>Pilar 3, Finanstilsynet</u>	Finanstilsynet
<u>Finanstilsynets praksis for vurdering av risiko og kapitalbehov (Rundskriv 12/2016, 27.juni 2016 med vedlegg)</u>	Finanstilsynet
<u>rundskriv 5/2018 om offentliggjøring av finansiell informasjon</u>	Finanstilsynet
http://www.bis.org/bcbs/publ/d368.htm	

1 Innleiing

Føremålet med dette dokumentet er å offentliggjera informasjon om banken si risikoeksponering, styring av risiko og soliditet i samsvar med krava i kapitalforskrifta (del XI). Informasjonen er også kalla Pilar 3-informasjon.

Alle summar i dokumentet er gjevne opp i heile tusen kroner så lenge ikkje anna er kommentert.

Voss Sparebank er ein lokal sparebank med primærmarknaden sin i Voss herad og nærliggjande område. Voss Herad er det nye heradet etter at Voss Kommune og Granvin Herad vart slegne saman frå og med året 2020.

Voss Sparebank skal vera ein sjølvstendig, engasjert og trygg medspelar i utvikling av lokalsamfunn og næringsliv. Sparebanken skal vera ein konkurransedyktig bank, bygd på tillit. Banken skal driva etter sunne økonomiske prinsipp, til beste for kundane og lokalsamfunnet. Primært skal banken yta tenester for kundar i Voss herad og i omkringliggjande kommunar. Hovudvekta av kundemassen finn me i personmarknaden, men banken ynskjer òg å vera ein viktig medspelar for næringslivet i primærområdet.

Banken sine utlån til næringslivet speglar i stor grad heradet sin næringsstruktur, og jordbruk, reiseliv og drift/utleige av fast eigedom er viktige næringsgrupper. Samla utgjer næringsengasjementa i balansen 24,8% av alle låna (unytt trekkrettar og garantiar kjem i tillegg). Drift/utleige av fast eigedom er den klart største næringa, men denne er vidare spreidd innan bygg for reiseliv, forretningsbygg og private husvære. Det har vore stor utbygging av fritidshusvære i Voss Herad dei seinare åra, og Voss Sparebank har vore ei viktig finansieringskjelde for denne utbygginga. Etter kvart som husværa vert ferdigstilte og selde har banken i mindre grad vore med på å finansiera dette då kjøparane gjerne kjem frå andre deler av landet.

Finansiering av bustadar for privatkundar utgjer størstedelen av banken sine utlån, og også her finn ein størstedelen i eige herad.

Banken har ikkje utferda eigenkapitalbevis, og overskotet etter gåver vert fullt ut godskrive banken sin eigenkapital. Voss Sparebank har ikkje utferda ansvarlege lån eller fondsobligasjonslån, og heile eigenkapitalen til banken er rein kjernekapital.

Voss Sparebank er ein viktig bidragsytar til det rike kultur- og idrettslivet som finst på Voss. Generalforsamlinga og styret er opptekne av at deler av den verdiskapinga som finn stad i lokalområdet, og som bidreg til banken sitt overskot skal kanalisertast attende til slike gode, lokale føremål. For rekneskapsåret 2020 er om lag 5 mill kroner øyremerka slike føremål gjennom gåver og sponsoraftalar.

Voss Sparebank skal vere tillitsvekkjande, kundeorientert, og enkel å bruka for kundane. Banken legg vekt på å ha god service og kvalitet i tenestene for å gjera kundekontakt til ei positiv og tillitsvekkjande oppleving. Kundane og andre skal merka at banken har ei lokal forankring, er trygg og solid, og at ein bryr seg om enkeltindivid og lokalsamfunn.

2 Konsernet Voss Sparebank

Voss Sparebank eig to dotterselskap, Voss Sparebank Eigedom AS (896 324 012) og Voss Invest AS (945 665 343). Begge selskapa er fullt ut rekna inn i konsolidert kapitaldekning. Vidare er banken eigar av 2,42% av aksjane i Verd Boligkreditt (994 322 427) og 2,18% av aksjane i Brage Finans AS (995 610 760). Dette er eignelutar som også vert rekna inn i banken si kapitaldekning (sjå eige kapittel for kapitaldekning). Eigarskapa i andre selskap vert ikkje rekna inn i kapitaldekninga. Fram til og med rekneskapsåret 2019 vart alle eignelutar i andre selskap bokførde til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Etter overgangen til IFRS-rapportering frå og med rekneskapsåret 2020 er desse eigarskapa bokførast til verkeleg verdi. Verdisvingingar vert resultatført over utvida resultat (OCI) og ført i balansen som fond for urealisert vinst.

3 Organisering

Voss Sparebank er ein tradisjonell sparebank som er underlagt finansføretakslova. Banken sitt øvste organ er Generalforsamlinga som består av 12 medlemar. Ni medlemar og fire varamedlemar er valde av kundane, og tre medlemar med eit varamedlem er valde av dei tilsette. Styret er samansett av totalt seks medlemar og to varamedlemar, der fem medlemar og eit varamedlem er valde av generalforsamlinga, medan eit medlem og eit varamedlem vert valde frå dei tilsette. Banksjefen er ansvarleg for den daglege drifta, saman med ei leiargruppe på 4 tilsette. Samla har banken 27 tilsette.

4 Rekneskapsprinsipp og nykeltal

Frå og med rekneskapsåret 2020 gjekk banken over frå å rapportera etter nasjonale reglar (NGAAP) til å rapportera etter internasjonal standard (IFRS).

Banken hadde pr. 31.12.2020 ein eigenkapital på omlag 868 MNOK. Overskotslikviditeten vert hovudsakleg plassert i sikre obligasjonar og rentefond. I tillegg kan det også plasserast midlar som separatinnskot i andre bankar. Forfall på plasseringane er spreidd fram i tid, slik at ein skal få tilført likviditet fortløpande.

I den daglege drifta er det etablert trekkrett i DnB, som er banken sin avrekningsbank. Kreditten er på 60 MNOK, og er meint som ein buffer ved daglege oppgjer på avrekningskontoen. I tillegg har banken trekkrett på omlag 40 MNOK i Noregs Bank. Trekkrettane i Noregs Bank og/eller DNB har ikkje vore nytta.

Innskotsdekninga var ved utgangen av 2020 på 88,1 % mot 84,8 % året før, inkl. lån som er overført til Verd. Utan desse er innskotsdekninga 92,8 % mot 89,0 % i fjor. Likviditeten vert plassert i Noregs Bank, obligasjonar, rentefond og i korte utlån til andre bankar.

Voss Sparebank har «skuggerating» på A- hjå DNB Markets pr. 31.12.2020.

Rådveldekapital

Rådveldekapitalen til Voss Sparebank var pr. 31.12.2020 på 5,123 MNOK.

Innskot

Pr 31.12.2020 utgjorde samla innskot frå kundar 3,978 MNOK som var ein auke på 269 MNOK i høve tilsvarende periode året før.

Utlån

Banken sine brutto utlån pr 31.12.2020 var 4,289 MNOK i eigen balanse. Det er i tillegg flytta 228 mill. til Verd Boligkreditt. Samla utgjør dette 4,517 MNOK. Dette er ein auke på 142 MNOK i høve tilsvarende periode året før.

Resultat i MNOK kroner og i prosent av gjennomsnittleg forvaltning

	2020		2019		2018		2017	
	MNOK	%	MNOK	%	MNOK	%	MNOK	%
Sum driftsinntekter	102,4	2,03	115,5	2,49	100,8	2,31	97,7	2,34
Sum driftskostnader	50,1	0,99	49,2	1,06	48,1	1,10	45,2	1,08
Driftsresultat før skatt og tap	52,3	1,04	66,3	1,43	52,6	1,21	52,6	1,26
Tap på utlån	2,8	0,05	0,82	0,02	0,31	0,01	4,8	0,11
Tap / vinst verdipapir	-	-	-	-	2,3	0,05	-	-
Resultat ordinær drift	49,5	0,99	65,5	1,41	54,6	1,25	47,8	1,15
Skatt	12,4	0,25	16,4	0,35	13,4	0,31	12,5	0,30
Overskot	37,2	0,74	49,1	1,06	41,2	0,94	35,3	0,85
Verdiendringar over utvida resultat (oci)	15,3							
Resultat etter verdiendringar (oci)	52,5							

Nykeltal Voss Sparebank

	2020	2019	2018	2017
Rådveldekapital	5.122,7	4.802,7	4.542,7	4.340,4
Brutto utlån til kundar	4.287,0	4.167,5	3.911,4	3.797,7
Innskot frå kundar	3.978,0	3.709,4	3.497,6	3.384,0
Eigenkapital	868	762,1	717,0	679,8
Eigenkapitalprosent	15,5	15,4	14,9	15,7
Eigenkapitalrentabilitet	4,6	6,6	6,1	5,5
Kapitaldekning	28,1	27,1	25,3	25,7
Kostnader i% av inntekter	50,3	43,7	46,6	44,8

5 Kapitalplan, utbytestrategi og styring av kapitalnivå

Inntening

Innteninga skal stå i høve til veksten, og vekst skal ikkje gå ut over innteninga. Det kan medføra mindre vekst enn hjå konkurrentane, men samstundes sikra soliditeten og sjølvstende. For å oppretthalda soliditeten i høve til konkurrentane, har banken eit mål om å over tid ha eit driftsresultat før tap på nivå med, eller betre enn, samanliknbare bankar. (I periodar med stor vekst er det ikkje megeleg å ha like stor vekst i EK som i rådveldekapital over tid.)

Kostnader

Kostnader i høve inntekter skal maksimalt utgjera gjennomsnittet for samanliknbare bankar. Ved utgangen av 2020 utgjorde kostnadane i banken 49,5 % av inntektene mot 43,7 % i 2019. Endringa i nivået for kostnader mot inntekter må sjåast i samband med den relativt store nedgangen i renteinntektene. På landsbasis var gjennomsnittet for bankar mellom tre- og ti mrd. i rådveldekapital 52,8 %. For bankar under tre mrd. var snittet 63,8 %. Eit styringsmål for banken er å ha ein kostnadsprosent på under 45 % for å sikra sjølvstende og sikra grunnlaget for vidare drift.

Kapitaldekning

Kapitaldekninga skal gjennom stabil drift og eigne resultat oppretthaldast på minimum 23% som skal vera rein kjernekapital. Dette er likevel ikkje å forstå som eit minimumsmål, men heller eit nivå der styret må gjera grundigare vurderingar av årsaka til den reduserte kapitaldekninga. Det må då vurderast om ein bør justera risikonivået i banken, eller om tida er inne for å justera ned kapitalkravet. Kapitaldekninga til Voss Sparebank har alltid hatt god margin til minstekrava til Finanstilsynet. Styret sine krav gjeld morbank.

Samarbeid med andre finansinstitusjonar

Voss Sparebank er, og ynskjer framleis å vera ein sjølvstendig bank. For at banken også i framtida skal kunna vera konkurransedyktig og tilby gode finansielle produkt, er det avgjerande å ha gode samarbeidspartnarar. Banken har eit godt samarbeid med ulike aktørar innan mellom anna forsikring, fondsforvaltning og IT. Gjennom eigarskap i Frende Forsikring, Verd Boligkreditt, Brage Finans og Norne Securities sikrar banken seg samarbeidspartnarar på viktige område. Samarbeidet gjennom DSS-gruppa er også viktig innan IT/sal/kompetanse. Banken er også med i samarbeidet om m.a. BankAxept, BankID og Vipps.

Engasjement – utlån og garantiar

Låneengasjement til kundar fordeler seg med om lag 25,9 % på næringskundar og 74,1 % på lønstakarar (inkludert utanombalansepostar). Styret har sett ei maks grense på 30% for utlån til næringskundar, men ynskjer å halda seg om lag på fordelinga 1/4 – 3/4. I banken sin kredittstrategi står det at maksimum engasjement for ein enkelt kunde ikkje bør overstiga 10 % av ansvarleg kapital til banken. Banken skal primært ikkje ha bedriftskundar utanom primærmarknaden, men unntak i spesielle tilfelle kan gjerast i samsvar med kredittstrategien. Fastrentelåna utgjorde 108,3 MNOK per 31.12.2020. Det er ikkje gjort rentebytteavtale (swap) for desse låna. Styret har sett ei ramme på 150 mill. for slike lån.

Likviditet

Banken skal ha god likviditet og låg risiko etter Finanstilsynet sine måleindikatorar. Likviditeten i eit 30-dagarsperspektiv (LCR) skal minimum vera 100%. Banken har som mål at denne ikkje skal vera under 150%. Talet vert overvaka og rapportert til styret. Summen av kundeinnskot og ansvarleg kapital bør utgjera minst 100 % av utlåna. Kundeinnskota bør vidare ha ein vekst tilsvarande veksten i vår marknad. LCR pr 31.12.2020 var 271%.

Verdipapir

Banken skal ikkje vera engasjert i opsjonar eller derivat og berre i mindre grad i aksjemarknaden. Ved plassering i sertifikat- og obligasjonsmarknaden, skal det berre takast liten rente- og kredittrisiko.

6 Kapitalkrav

Voss Sparebank har tilpassa seg krava i Finansføretakslova med tilknytte forskrifter saman med dei internasjonale krava under Basel 3.

Basel 3-regelverket byggjer på tre pilarar.

Under pilar 1 skal alle banken sine eignelutar vektast ut frå risiko, og ut frå dette kjem ein fram til eit berekningsgrunnlag for kredittrisiko. Vidare skal netto inntekter dei tre siste åra nyttast som grunnlag til å finna berekningsgrunnlaget for operasjonell risiko. Summen av berekningsgrunnlag for kredittrisiko og operasjonell risiko er samla berekningsgrunnlag under pilar 1. Minstekravet til kapitaldekning er 8% av dette grunnlaget. Banken nyttar standardmetoden for utrekning av kredittrisiko og basismetoden for utrekning av operasjonell risiko.

Under pilar 2 blir andre vesentlege risiki vurdert. Dette er ein kontinuerleg prosess, men med ein totalgjennomgang minst ein gong i året. Viktige område her er mellom anna marknads-/ konsentrasjons- og likviditetsrisiki. Det samla kapitalbehovet under pilar 2 blir lagt til kapitalbehovet under pilar 1. Voss Sparebank er ikkje krav til Pilar 2-kapital frå Finanstilsynet.

Under pilar 3 blir det stilt krav til offentleggjering av finansiell informasjon.

I tillegg til års- og delårsrapportar vil slik informasjon bli lagt ut på banken sine nettsider ; www.vossabanken.no .

Krav til bufferkapital frå og med 3.kvartal 2013

Med verknad frå og med 1. juli 2013 stiller norske styresmakter krav til bankane sin soliditet i form av krav om kapitalbevarings- og systemrisikobuffrar. Kapitalbevaringsbufferen er ein fast buffer på 2,5% av berekningsgrunnlag. Systemrisikobufferen er 3,0% frå 3.kvartal 2014. Det er også innført ein motsyklisk buffer som skal kunne justerast etter behov. I høve pandemiutbrotet vart motsyklisk buffer endra frå 2,5 % til 1 % med verknad frå 13.03.2020.

Ansvarleg kapital

Den ansvarlege kapitalen er kjernekapital og tilleggskapital. Tilleggskapitalen kan ikkje vera større enn kjernekapitalen. Heile Voss Sparebank sin ansvarlege kapital er kjernekapital.

Dersom banken sine investeringar i ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar utgjer meir enn 10% av banken sin eigen reine kjernekapital skal den delen av investeringane som overstig 10%-grensa trekkjast frå den ansvarlege kapitalen. Pr 31.12.2020 har banken slike investeringar for 160,9 mill kroner. Dette gjer at ansvarleg kapital vert redusert med 74,1 mill. kroner.

Frå og med 1.kvartal 2018 rapporterer banken også kapitaldekning etter innrekning av eignelutane i dei to selskapa Verd Boligkreditt og Brage Finans.

Oppsummering

2020 er trettande rapporteringsåret etter Basel-regelverket for Voss Sparebank. I samband med denne vurderinga har styret og administrasjonen gjort risikovurderingar på ulike risikoområde i banken. Arbeidet er gjort ut frå krav i CRR/CRD IV-forskrifta, Finanstilsynet sitt rundskriv 12/2016 , og tilpassingar er gjort ut frå banken sin storleik og kompleksitet. Finanstilsynet legg til grunn at Basel-II ikkje skal redusera behovet for ansvarleg kapital samanlikna med Basel-I.

Største ICAAP-tillegget kjem frå marknadsrisiko (renterisiko, «spreadrisiko» på obligasjonar, fond), og vidare konsentrasjonsrisiko og likviditetsrisiko (sjå eige kapittel).

Voss Sparebank har ved utgangen av 2020 eit samla lovpålagt kapitalkrav på 441,3 mill. kr. Dette inkluderer Pilar I-krav og styresmaktene sine bufferkrav. Banken sitt utrekna Pilar II-krav utgjer 53,1 MNOK. Samla blir då kravet 494,4 MNOK. Motsyklisk buffer er på auka til 2,5 %.

Ved same målepunkt hadde banken ein bokført eigenkapital på 819,5 MNOK, av dette teljande ansvarleg kapital 753,8 MNOK etter frådrag for immaterielle eignelutar og eigardeler ut over 10% i andre finansinstitusjonar.

Konklusjonen er, som før, at Voss Sparebank tilfredsstillar kapitalkrava med god margin og har 259,4 MNOK meir i kapital enn samla krav etter dei gjennomførte risikovurderingane.

Kapitaldekninga i banken var 27,99% pr 31.12.2020. Etter innrekning av Brage Finans og Verd Bustadkreditt er kapitaldekninga på 26,34 %.

	Morbank		Konsern	
	31.12.2020 IFRS	31.12.2019 NGAAP	31.12.2020 IFRS	31.12.2019 NGAAP
ansvarleg kapital				
Sparebanken sitt fond	785.178	751.636	785.178	751.636
Gåvefond	10.500	10.500	10.500	10.500
Fond for verdijusteringar	72.283	0	72.283	0
Sum bokført eigenkapital	867.961	762.136	867.961	762.136
Frådrag for ansv. Kap. i andre finansinst.	-74.087	-15.647	-74.087	-15.647
Verdijustering for krav om forsv. verdifastsetjing	-3.174	0	-3.174	0
Eigenkapital	790.700	746.489	790.700	746.489
Fondsobligasjonar	0	0	0	0
frådrag i kjernekapital	0	0	0	0
Kjernekapital	790.700	746.489	790.700	746.489
ansvarleg lånekapital	0	0	0	0
frådrag i tilleggskapital	0	0	0	0
Rein kjernekapital	790.700	746.489	790.700	746.489
Eksporeringskategori (vekta verdi)				
Statar	0	0	0	0
Lokale/regional styresmakter	22.102	6.030	22.102	6.030
Offentleg eigde føretak	0	0	0	0
Institusjonar	21.566	81.636	21.566	81.636
Føretak	173.877	88.067	173.877	88.067
Massemarknad	0	0	0	0
Pant i fast eigedom	2.225.528	2.250.415	2.179.544	2.202.249
Forfalte engasjement	44.344	26.209	44.344	26.209
Engasjement med høg risiko	17.466	0	17.466	0
Obligasjonar med fortrinnsrett	7.672	5.097	7.672	5.097
Fordr. på institusjonar/føretak med korts. rating	0	0	0	0
Lutar verdipapirfond	0	0	0	0
Eigenkapitalposisjonar	172.955	98.769	165.315	91.331
Andre engasjement	14.186	18.286	60.184	68.558
CVA-tillegg	0	0	0	0
Sum utrekningsgrunnlag for kredittrisiko	2.699.696	2.574.509	2.692.070	2.569.177
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	199.472	191.003	199.472	191.003
Frådrag for ansv. Kap. i andre finansinst.	-74.087	-15.647	-74.087	-15.647
Utrekningsgrunnlag	2.825.081	2.749.865	2.817.455	2.744.533
Rein kjernekapitaldekning %	27,99 %	27,15 %	28,06 %	27,20 %
Kjernekapitaldekning %	27,99 %	27,15 %	28,06 %	27,20 %
Kapitaldekning %	27,99 %	27,15 %	28,06 %	27,20 %
Uvekta kjernekapitaldekning %	15,51 %	15,35 %	15,51 %	15,35 %
Konsolidering av samarbeidande grupper				
Ansvarleg kapital	827.384	771.315	827.384	771.315
Kjernekapital	820.553	764.484	820.553	764.484
Rein kjernekapital	815.445	759.345	815.445	759.345
Utrekningsgrunnlag	3.141.597	2.999.188	3.141.597	2.999.188
Kapitaldekning i %				
Kapitaldekning %	26,34 %	25,72 %	26,34 %	25,72 %
Kjernekapitaldekning %	26,12 %	25,49 %	26,12 %	25,49 %
Rein kjernekapitaldekning %	25,96 %	25,32 %	25,96 %	25,32 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	14,55 %	14,41 %	14,55 %	14,41 %

7 Tapsutsette og mislegheldne engasjement

Engasjement

vert definert som garantiar, utlån og unytta trekkrettar medrekna opptente, ikkje betalte renter, gebyr og provisjonar.

Tapsutsette engasjement

Tapsutsette lån er lån som ikkje er misleghaldne, men der den økonomiske situasjonen til kunden gjev grunn til å tru at det er stor risiko for tap på eit seinare tidspunkt. Heile engasjementet til kunden vert då vurdert som tapsutsett.

Misleghaldne engasjement

Eit engasjement vert vurdert å vera misleghalde når kunden ikkje har betalt forfalt termin innan 90 dagar etter forfall, eller når ein råmekreditt samanhengande har stått overtrekt i 90 dagar eller meir. Heile engasjementet blir då rapportert som misleghelde.

	31.12.2020	31.12.2019
	IFRS	NGAAP
Mislegheldne engasjement (90 dagar)		
Brutto mislegheldne engasjement - personmarknad	1.145	5.269
-Nedskrivningar i steg 3 – PM (individuelle nedskrivningar i 2019)	145	
Brutto mislegheldne engasjement - bedriftsmarknad	3.822	20.739
-Nedskrivningar i steg 3 - BM (individuelle nedskrivningar i 2019)	3.500	14.278
Netto mislegheldne engasjement	1.322	11.730
Mislegheldne lån brutto	0,12 %	0,62 %
Tapsavsetjingsgrad	73,38 %	54,90 %
Andre tapsutsette engasjement (alle med tapsavsetjing vert definerte som mislegheldne fom 2020)	31.12.2020	31.12.2019
Brutto tapsutsette ikkje mislegheldne engasjement - personmarknad	7.611	5.033
-Nedskrivningar i steg 3 PM (individuelle nedskrivningar i 2019)	2.800	1.297
Brutto tapsutsette, ikkje mislegheldne engasjement - bedriftsmarknad	53.843	14.602
-Nedskrivningar i steg 3 BM (individuelle nedskrivningar i 2019)	26.150	5000
Netto tapsutsette engasjement	32.504	13.338
Mislegheldne lån brutto	1,43 %	0,47 %
Tapsavsetjingsgrad	47,11 %	32,07 %
Gruppenedskrivning (2019)		22.500
Lån med betalingslette eller (trinn 2 og 3)	31.12.2020	31.12.2019
Personmarknad	10.207	
Bedriftsmarknad		
Sum lån med betalingslette elles	10.207	

Misleghaldne engasjement etter sektor og næring	2020	Nedskrivning	2019	Individuell nedskrivning
Lønstakarar	1 145	145	5 269	-
Fagleg og finansiell tenesteyting			-	-
Omsetjing og drift av fast eigedom			13 871	8 270
Overnatting / servering			3 368	2 508
Forretningsmessig tenesteyting	3 822	3 500	3 500	3 500
	4 967	3 645	26 008	14 278

Tapsutsette engasjement etter sektor og næring	2020	Nedskrivning	2019	Individuell nedskrivning
Lønstakarar	7 611	2 800	5 033	1 297
Bygg og anlegg / kraft	877	400		
Omsetjing og drift av fast eigedom	38 508	19 750	14 602	5 000
Overnatting/servering	12 987	5 500		
Forretningsmessig tenesteyting	1 471	500		
	61 454	28 950	19 635	6 297

Nedskrivning på utlån, garantiar, unyttta kredittar og lånetilsagn 2020

PM

Endring i tapsavsetjingar balanseførde lån

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	1.696	1.136	6.799	9.631
Overført til trinn 1	1.594	-431	-1.163	0
Overført til trinn 2	-37	2.639	-2.602	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-2.138	-2.694	269	-4.563
Tapsvurdering, nye lån	740	39	2.016	2.795
Tapsvurdering, avgang lån	-437	-242	-1.699	-2.378
Konstatert tap	0	0	0	0
inngang på tidligere konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodel/parametere	24	13	27	64
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	1.442	460	3.647	5.549

Volumendring balanseførde lån

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	2.949.773	59.207	29.690	3.038.670
Overført til trinn 1	37.761	-29.383	-8.378	0
Overført til trinn 2	-33.193	41.806	-8.613	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-57	0	57	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-169.021	-806	-210	-170.037
Tapsvurdering, nye lån	1.22.341	14.967	10.741	1.248.049
Tapsvurdering, avgang lån	-872.275	-12.459	-8.110	-892.844
Konstatert tap	0	0	0	0
inngang på tidligere konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodel/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	3.135.329	73.332	15.177	3.223.838

Endring utanom balansen

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	17	1	5	23
Overført til trinn 1	1	-1	0	0
Overført til trinn 2	0	5	-5	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-9	-5	0	-14
Tapsvurdering, nye lån	6	1	0	7
Tapsvurdering, avgang lån	-3	0	0	-3
Konstatert tap	0	0	0	0
inngang på tidligere konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	3	0	0	3
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	15	1	0	16

BM**Endring i tapsavsetjingar balanseførde lån**

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	2.806	8.870	20.436	32.112
Overført til trinn 1	1.886	-1.490	-397	-1
Overført til trinn 2	-258	258	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-17	-336	353	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-2.541	526	2.884	869
Tapsvurdering, nye lån	2.058	132	7.010	9.200
Tapsvurdering, avgang lån	-1.143	-2.627	0	-3.770
Konstatert tap	0	0	0	0
inngang på tidligere konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	325	608	89	1.022
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	3.116	5.941	30.375	39.432

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	810.775	227.113	43.502	1.081.390
Overført til trinn 1	63.170	-55.010	-8.160	0
Overført til trinn 2	-57.785	57.785	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-9.151	-1.856	11.007	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-52.287	-6.804	-3.555	-62.646
Tapsvurdering, nye lån	291.949	1.211	12.274	305.434
Tapsvurdering, avgang lån	-189.266	-71.354	0	-260.620
Konstatert tap	0	0	0	0
inngang på tidligere konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	857.405	151.085	55.068	1.063.558

Endring utanom balansen

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	355	228	270	853
Overført til trinn 1	124	-123	-1	0
Overført til trinn 2	-45	45	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-278	157	79	-42
Tapsvurdering, nye lån	83	1	0	84
Tapsvurdering, avgang lån	-47	-4	-8	-59
Konstatert tap	0	0	0	0
inngang på tidligere konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	84	60	24	168
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	276	364	364	1.004

Endring resultat

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	4.874	10.235	27.510	42.619
Overført til trinn 1	3.605	-2.045	-1.561	-1
Overført til trinn 2	-340	2.947	-2.607	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-17	-336	353	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-4.966	-2.016	3.232	-3.750
Tapsvurdering, nye lån	2.887	173	9.026	12.086
Tapsvurdering, avgang lån	-1.630	-2.873	-1.707	-6.210
Konstatert tap	0	0	0	0
inngang på tidligere konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	436	681	140	1.257
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	4.849	6.766	34.386	46.001
				3.382
Amortisering				-585
Konstatert tap				37
Inngang på tidlegare konstatert tap				-75
Resultatført tap				2.759

8 Styring og kontroll av risiko

Styret i banken legg vekt på at banken skal ha ein liten til moderat risikoprofil, som er tilpassa soliditeten og kompetansenivået. Gjennom året vert dei viktigaste risikoforhold knytt til verksemda rapportert kvartalsvis til styret. Etter styret si vurdering er risikoprofilen til banken godt innanfor dei retningslinjene som er trekt opp.

Styret føretek ein årleg gjennomgang av banken sine strategiske dokument og vurderer i den samanheng hovudmålsetjingane. Samla vurdering av risikoområde blir gjort i samband med banken si ICAAP-vurdering, og med uavhengig rapport frå ekstern revisor.

Kredittrisiko, likviditetsrisiko, og marknadsrisiko er dei viktigaste økonomiske risikoane i banken. Styret legg difor opp til at det ikkje skal takast risiko på desse områda i eit slikt omfang at det kan setje banken i ein kritisk situasjon. Den til ei kvar tid utrekna risiko skal liggja godt innanfor dei retningslinjene som er vedtekte.

Banken skal berre i liten grad vera engasjert i aksjemarknaden, og i liten/moderat grad vera eksponert for renterisiko og valutarisiko. Banken skal ikkje vera involvert i handel med opsjonar og derivat i aksjemarknaden. I den grad banken gjer avtalar om fastrente på utlån og/eller innskot vil ein kunna nytta rentebytte-avtalar for å sikra desse avtalane. Styret har sett rårer på slik eksponering.

Risikoanalysar

Risikoanalysen er ei identifisering av dei viktigaste risikoane banken er utsett for og vert delt inn i fylgjande kategoriar, jfr. Finansføretakslova § 13-6 (2):

- Kredittrisiko (Pilar 1 og 2)
- Marknadsrisiko (Pilar 1 og 2)
- Operasjonell risiko (Pilar 1 og 2)
- Konsentrasjonsrisiko (Pilar 2)
- Risiko forbunde med verdipapir (Pilar 2)
- Likviditetsrisiko og finansieringsrisiko (Pilar 2)
- Forsikringsrisiko (Pilar 2)
- Risiko knytt til pensjonsforpliktingar (Pilar 2)
- Forretningsrisiko/strategisk risiko (Pilar 2)
- Systemrisiko (Pilar 2)
- Risiko knytt til uforsvarleg gjeldsoppbygging (Pilar 2)
- Andre identifiserte risikoformer (Pilar 2)

Nedanfor fylgjer ei utgreiing av dei sentrale risikoane Voss Sparebank er utsett for og kapitalbehov for dei risikoar ein vurderer som nødvendig.

Kredittrisiko (inkludert motpartsrisiko og restrisiko)

Kredittrisiko er den risikoforma banken er mest utsett for. Kredittrisiko vert styrt av eigne rammer og rammer frå styresmaktene. Banken har ein kredittstrategi som skal sikre ei sunn og langsiktig utvikling med god avkastning utan at banken vert utsett for risiko som truar eigen eksistens.

Strategi

Den overordna strategien til banken set som målsetjing : «banken skal gjennom lønsam drift og solid økonomi medverka til vekst og utvikling i lokalsamfunnet.» Den seier også at ei fordeling mellom PM og BM på om lag 75/25 er eit mål, og at misleghald 90 dagar skal vera mindre enn 10 mill.

Det er utarbeid eigen delstrategi for kredittområdet som underbygger dei overordna målsetjingane og i tillegg skal sikra at banken er innanfor gjeldande lover, forskrifter og andre krav frå styresmaktene.

Vidare har banken utarbeidd eiga kreditthandbok for å sikre einsarta og korrekt praksis innan kredittområdet.

Kreditthandboka inneheld rammer og rutinar/retningslinjer som skal sikra både interne og eksterne krav og interesser/målsetjingar.

Styret si rolle

Styret har årleg gjennomgang av banken sin strategi. Styret får framlagt alle nye lånesaker på næringslivskundar månaden etter dei er løyvde. Styret skal godkjenne alle lån med beløp som overstig banksjefen si fullmakt.

Næringskompetansen til styret er brei og relevant i høve til låneportefølja til banken. Kredittrisikoen vert overvaka ved utlevert bevilgningsrapport, som inneheld risikoklassifisering og verddivurdering av trygd. I tillegg får styret ein gong i kvartalet rapport over m.a. misleghald, overtrekk og vurderingar av risiko ved større løpande engasjement.

Uavhengig kontroll

Bankens eksterne revisor er RSM Norge, v/ Harald Bjøteit. Revisor leverar sin operasjonelle rapport om kvaliteten på internkontrollen direkte til styret. Problemstillingar som vert tekne opp av den uavhengige kontrollen vert vurdert av styret/banksjef og ført i styreprotokoll. Eksternrevisor møter elles normalt i risikoutvalet, der kvartalsrekneskap, risikorapportar, tapsnedskrivningar og anna bankfagleg innhald vert framlagt. Risikoutvalet er samansett av styreleiar og nestleiar.

Internkontroll

Det er utarbeidd eige rutinar og kontrollar for internkontroll på kredittområdet. Dette skal sikra at rutinar og retningslinjer blir fylgt innan området, og også avdekke eventuelle avvik.

ICAAP

Leiar for kreditt utarbeider årleg ICAAP-rapport innan kredittområdet i samsvar med modul frå Finanstilsynet. Det er utarbeidd rapport for 2020.

Konklusjonen i ICAAP-vurderinga er at risikoen innan kredittområdet er låg, og innanfor styret si målsetjing.

	Pilar 1	Pilar 2
Kapitalkrav kredittrisiko	219,1 MNOK	-

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje kan gjere opp for pliktene sine ved forfall, eller at den manglar likviditet for å oppnå det definerte vekstynskje. Banken sin likviditetssituasjon er god. Det har likevel i seinare tid vore vesentlege avvik mellom budsjettert og faktisk vekst i innskot og utlån. Dette har gjort at reservane er reduserte, og vekstynskje bør i større grad planleggjast og overvakast med tanke på finansiering.

Det er innført fleire krav frå styresmaktene som banken til ei kvar tid skal oppfylle. Frå og med 31.12.2017 vart LCR-kravet auka til 100%. Dette stiller krav til banken sin kortsiktige likviditet, og vert rapportert månadleg til Finanstilsynet. NSFR syner banken si langsiktige finansiering, og vert rapportert kvartalsvis. Her er det ikkje stilt noko minstekrav enno.

Innskot frå kundar er den viktigaste kjelda til finansiering. Det er god spreing i innskotsmassen, og ingen einskildinnskot over 100 mill. Det er gjort stresstestar for bortfall av dei største einskildinnskota. Det er 12 kundar som har innskot over 10 mill. kr, og desse utgjer til saman 239 mill. kr.

ICAPP-vurderinga av likviditetsrisiko er gjort ut frå Finanstilsynet sin modul for likviditetsrisiko, og det er nytta dei kvalitative og kvantitative styringsmåla frå denne modulen.

Styret legg opp til at likviditetsrisikoen i banken skal vera låg, og har lagt opp rammene ut frå dette. Voss Sparebank sin gjeldande likviditetsstrategi kan summerast opp på følgjande måte:

- Voss Sparebank skal ha ein likviditetsstrategi som sikrar at banken til ei kvar tid har nok likviditet til å kunne oppfylla bankens økonomiske pliktar ved forfall samt dei krav som vert sett av banken sitt styre samt styresmaktene. Styret går jamleg gjennom banken sine risikoar og fastset overordna rammer og målsetjingar.
- Mål og rammer for likviditeten er ein del av styringsmåla til Voss Sparebank. Desse vert rapportert kvartalsvis til styret i banken.
- Styret går årleg gjennom banken sine risikoområde og set dei overordna risikorammene, også for likviditetsrisiko. Vidare har styret eit overordna ansvar for at banken oppfyller det lovpålagde kravet om at banken skal ha ein beholdning av likvide midlar som gjer at den kan dekkja skyldnadane sine ut frå ein risikobasert berekning. Administrasjonen i banken er den administrative eininga som bestemmer prinsipp og metodar for utrekning og måling av risikoar og eksponering som kan setje rammer for dette.

I samsvar med Finanstilsynet sitt Rundskriv 10/2019, datert 28. juni 2019, er alle bankar pålagde å etablera oppattrettingsplanar. Voss Sparebank ligg i SREP-gruppe 4 og skal difor følgja forenkla krav til oppattrettingsplanen.

Sitat frå Finanstilsynet sitt rundskriv (pkt. 3.3.2) «Forenkla gjenoppsetttingsplaner skal ha hovedfokus på gjenoppsetttingstiltak, forhold som kan være til hinder for gjennomføring av disse, samt kapital- og likviditetsindikatorer med tilhørende rapporterings-, beslutnings- og eskaleringsprosesser som sikrer relevante tiltak gjennomføres tidsnok.» og «Forenkla gjenoppsetttingsplaner skal først og fremst legge vekt på kapital- og likviditetsindikatorer som utløsende terskelverdier for vurdering av tiltak.»

Med bakgrunn i dette har banken utarbeidd ein oppattrettingsplan som samsvarar med banken sin storleik, kompleksitet, type verksemd og risiko (pkt. 3.3.1). Oppattrettingsplanen for Voss Sparebank vart vedteken på styremøte 29.09.2020

Oppsummering likviditetsrisiko :

Scenario :	Kapitalbehov :
Middels krise i banken	3,5 mill.
Middels krise i marknaden	3,0 mill.
Sum kapitalbehov likviditetsrisiko	6,5 mill.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risiko relatert til rente,- spread,- aksje,- eiedom og valutarisiko.

Det samla marknadsrisikonivået er vurdert som tapspotensialet innan desse områda.

Denne risikoen er ekstern og påverkar alle aktørar i marknaden på same måte.

Banken er i betydeleg grad utsett for marknadsrisiko gjennom mellom anna likviditetsplasseringar og fastrenteavtalar innan utlån. Banken er også eigar av 100% av aksjane i Oppheim Hotel Eigedom AS, og det er her teke høgde for marknadsrisiko i eigedomane i dette selskapet.

Strategi

Det er utarbeida eigen delstrategi for marknadsrisiko som skal underbyggja banken sin overordna strategi innan området. Banken sin marknadsrisiko skal vera låg. Ein viss risiko må likevel tolererast dersom likviditetsreservane til banken skal gje ei tilfredsstillande avkastning.

Banken må styra marknadsrisikoen gjennom rammer for eksponering i dei ulike aktivklassane.

Metode for vurdering av marknadsrisiko

Det skal gjerast ei vurdering av marknadsrisiko både i bankportefølja og handelsportefølja. Ved bruk av sensitivitetstestar er det gjort særskilde vurderingar innan dei ulike marknadsrisikoane. Hovudregelen er at risikovurderinga skal baserast på dei rammene for marknadsrisiko som banken har etablert. Resultatet av sensitivitetstestane skal nyttast som utgangspunkt for vurdering av kapitalbehov for marknadsrisiko og skal sjåast i forhold til kapital som fylgjer av Pilar 1 og 2 - vurderingane.

Ei vurdering av banken sin marknadsrisiko omfattar storleiken på og risikoen i kvar einskild plassering. Vurderinga av det samla marknadsrisikonivået får me ved å summere det utrekna tapspotensialet for rente,- spread,- aksje,- eiedom og valutarisiko. Det blir soleis ikkje teke omsyn til diversifiseringseffekten mellom aktivklassane.

Vurderinga skal baserast på tre ulike risikofaktorar

- Eksponering
- Risikospreiing
- Marknadslikviditet

Risikofaktor	Formål med vurderinga
Eksponering	Slå fast tapspotensiale ved definerte stresstestscenarior
Risikospreiing	Slå fast risiko for tap som følgje av manglande risikospreiing
Marknadslikviditet	Slå fast risiko for tap ved rask avdekking av endring i risiko

Aktivklasse	Eksponering	Risikospreiing	Marknadslikviditet	Sum ICAAP
Aksjerisiko	7,5 mill.	0	0	7,5 mill.
Renterisiko 1)	5,9 mill.	0	2,5 mill.	8,4 mill.
Valutarisiko	0,8 mill.	0	0	0,8 mill.
Spreadrisiko	4,7 mill.	0,6 mill.	0,6 mill.	5,9 mill.
Eigedomsrisiko	1,8 mill.	-	0,3 mill.	2,1 mill.
SUM	19,9 mill.	0,6 mill.	3,4 mill.	24,7 mill.

Detaljert informasjon om utrekningane finst i modul for marknadsrisiko 2020.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er risikoen for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil, eller eksterne hendingar. Storparten av kredittapa skuldast operasjonelle feil, som feil registrering av sikkerheit, feil vurdering av verdiar og kanskje den største risikoen er kundefrågjevarar som har for stor tru på kunden sin.

Definisjonen omfattar juridisk risiko, men ikkje strategisk risiko og omdømmerisiko, som må vurderast særskilt (def. av Finanstilsynet).

Det går fram av strategiplanen til Voss Sparebank at målet er å ha låg operasjonell risiko til ei kvar tid. Styret går årleg gjennom strategiplanen. Det er utarbeidd eigen delstrategi for operasjonell risiko.

Styret er oppteken av at strategisk-/forretningsrisiko vert handsama på ein god måte. Styret arbeider derfor systematisk med strategiske vurderingar og legg stor vekt på godt samfunnsansvar og etiske haldningar.

Risikorammer

Banken har eit rammeverk for å identifisere og vurdere dei ulike risikoane. Storleiken på den operasjonelle risikoen ved ei enkelt hending er ein kombinasjon av forventa frekvens for den uønskte hendinga (frekvens) og tapskonsekvensen av at den uønskte hendinga inntreffer (konsekvens). Det er ikkje kvantifisert ei forventning til omfanget av/tal hendingar som kjem til å inntreffe årleg. Ramma for enkelthendingar vil likevel i praksis avgrense summen av årlege hendingstap.

Banken sin låge risikotoleranse kjem til uttrykk i matrisa nedanfor:

Konsekvens Frekvens	Svært liten konsekvens (under 10.000)	Liten konsekvens (10.000-100.000)	Moderat konsekvens (100.000-500.000)	Stor konsekvens (500.000- 1.000.000)	Svært stor konsekvens (over 1.000.000)
Inntreff sjeldnare enn kvart 10 år					
Inntreff kvart 10 år					
Inntreff årleg					
Inntreff fleire gonger årleg					
Inntreff minst månadleg					

Det går fram av strategien at: Banken har som mål å ha låg operasjonell risiko til ei kvar tid. Me har ikkje etablert konkrete måltal ut over at risikoen skal vera låg.

Organisering, ansvarsforhold, utkontraktering m.m.

Styret har det overordna ansvaret for Operasjonell risiko. Den kvartalsvise risikorapporteringa til styret på mellom anna måltal i strategi- og kredittpolicy-dokument, er utvida og forbetra i vesentleg grad. Det operative ansvaret for styring og kontroll av operasjonell risiko har banksjefen og vidare dei ulike avdelingsleiarane.

Tapshendingskategoriar

Banken skal til ei kvar tid ha oversikt over operasjonell risiko som er knytt til verksemda. Vurderinga skal gjerast minimum årleg .

Operasjonelle risikohendingar vert normalt delt inn i sju tapshendingskategoriar.

1. Internt bedrageri
2. Eksternt bedrageri
3. Tilsettevilkår og tryggleik på arbeidsplassen
4. Kundar, produkt og forretningspraksis
5. Skade på fysiske eigendelar
6. Avbrot i drift eller system
7. Oppgjør, levering og anna transaksjonsbehandling

Pilar 1 og pilar 2 vurderingar av operasjonell risiko

Pilar 1 vurderinga av operasjonell risiko er gjort etter basismetoden. Den siste vurderinga her syner eit kapitalkrav på 15,5 mill. kr. Det er ikkje venta vesentlege endringar i dette kravet dei neste 3 åra.

I ICAAP-utrekningane og utrekning av nødvendig kapital for operasjonell risiko, har me teke utgangspunkt i den samla risikooversikta vår i samband med Internkontroll-forskrifta og den vurderte restrisikoen. Det er også gjort vurderingar av ein del underkategoriar som modellrisiko, Åtferdsrisiko/forbrukarvern, avtalar/IKT og kvitvasking/terrorfinansiering.

Den kvalitative metoden er basert på kunnskap og skjønn hjå den som føretek vurderingane. Ein del risikoar vert reduserte av ulike forsikringsavtalar. (Vedlegg 1 til modulen for Operasjonell risiko viser kortfatta oversikt over gjeldande forsikringsdekningar.)

Konklusjon kapitalbehov

Me konkluderer med at banken har rimeleg god kontroll på området og vurderer kapitalkravet etter Pilar 1 som tilstrekkeleg for den operasjonelle risikoen.

Konklusjon: OPERASJONELL RISIKO	
Risikograd	Låg
Kapitalbehov Pilar 1	15,5 MNOK
Kapitalbehov Pilar 2	-

Detaljert informasjon om utrekningane finst i modul for operasjonell risiko 2020.

Konsentrasjonsrisiko

Voss Sparebank har i sine strategiske planar vedteke at geografisk marknadsområde er Voss herad og omkring liggjande område som naturleg soknar til Voss. Innanfor kreditt til næringskundar er satsingsområdet avgrensa til Voss og omland. Innan einskildengasjement er det liten konsentrasjonsrisiko. Det største engasjementet utgjer 59,6 mill. (1,32 % av brutto utlån). 10 engasjement (på konsolidert nivå) ligg mellom 20 og 60 mill. For å avgrense denne risikoen har banken pålagt seg krav som er strengare enn dei lovkrava som gjeld. Som internt krav har banken at totalengasjement med ein kunde ikkje bør overstiga 10% av banken sin ansvarlege kapitalen (det vil seia om lag 75 mill.) samstundes som ramma for dei 10 største er 500 mill.

Næringsengasjement til bedrifter som driv med drift og utleige av fast eigedom utgjer ein stor del av banken sine næringsengasjement. Denne gruppa har styret ekstra overvaking på. Gruppa er delt i to undergrupper, den eine med pant i næringsseigedom, den andre med pant i bustadeigedom. Styret får rapportert desse tala kvartalsvis. Samla utgjer desse to gruppene 526 mill. kroner.

Modell for berekning av konsentrasjonsrisiko er utført i henhold til Finanstilsynet si tilråding i rundskriv 12/2016 – vedlegg 2. Det vart behov for kapital på Pilar 2 for enkeltforetak og sektor. Kapitalbehov vert 16,1 MNOK for enkeltforetak og 7,1 MNOK for sektor.

Banken fastsett eit pilar II-krav på 23,2 mill. kroner.

Konklusjon: KONSENTRASJONSRIKIO	
Risikograd	Låg
Kapitalbehov Pilar 1	I/A
Kapitalbehov Pilar 2	23,2 MNOK

Risiko forbunde med verdipapirisering

Risiko i samband med verdipapirisering oppstår når banken overfører engasjement til eit juridisk uavhengig foretak. Voss Sparebank har gjort avtale med Verd Boligkreditt om overføring av lån, og har ved utgangen av 3.kvartal 2020 overført lån for om lag 242 mill. kroner. Når låna vert overførde til Verd vil dei ikkje lenger vera med i banken si utrekning av tap etter IFRS9-regelverket. Det er her snakk om godt sikra lån til privatkundar, og kredittrisikoen er liten.

Vidare er det formelle krav til engasjementa for at dei skal kunna overførast til Verd. Dersom det syner seg at nokon av desse krava ikkje er oppfylte pliktar banken å føra dette tilbake, Banken er også ansvarleg for at det vert betalt terminsum og renter, likevel avgrensa til 1,0% av banken sitt samla volum som er overført. Dette vil framleis vera sikra å pantet for engasjementet.

Det er utarbeidd eigne modellar for utrekning av provisjonar frå Verd. Her vert det rekna rentebidrag frå banken sine overførde lån opp mot Verd sine fundingkostnader. I tilfelle renteoppgang i pengemarknaden vil banken stå fritt til å justera lånerentene på dei overførde låna.

Me vel å nytta banken sin IFRS9-sats for trinn 1, og ta høgde for kredittap også på desse låna.

Dette utgjer 0,1% av låna, 0,2 mill. kroner.

Konklusjon: VERDIPAPIRISERING	
Risikograd	Låg
Kapitalbehov Pilar 1	I/A
Kapitalbehov Pilar 2	0,2 MNOK

Forsikringsrisiko

Voss Sparebank sel forsikringar frå Frende Forsikring, som banken også er medeigar i.

Me vurderer denne rolla slik at den ikkje medfører risiko av betydning for banken.

Når det gjeld forsikring av banken sine verdiar og ansvar, har me ein årleg gjennomgang av desse avtalane.

Banken sin forsikringsansvarlege går gjennom alle slike avtalar, og vurderer om det finst avvik frå reelt forsikringsbehov. Ved siste gjennomgang vart det ikkje avdekkja noko avvik i høve til faktisk forsikringsbehov. Risikoen er då kun knytt til eigenandelen ved eventuell forsikringsskade.

Konklusjon: FORSIKRINGSRISIKO	
Risikograd	Låg
Kapitalbehov Pilar 1	I/A
Kapitalbehov Pilar 2	0 MNOK

Risiko knytt til pensjonsforpliktingar

I og med overgang til innskotspensjon er det ikkje lenger behov for ekstra avsetjing av risikokapital.

Konklusjon: PENSJONFORPLIKTINGAR	
Risikograd	Låg
Kapitalbehov Pilar 1	I/A
Kapitalbehov Pilar 2	0 MNOK

Forretningsrisiko / strategisk risiko

Her finn me uventa tap av inntekter ved tap av omdøme og andre strategiske hendingar som ikkje kjem inn under andre risikoformer. Ein vil også kunna tenkja seg bøter eller andre krav i samband med svikt i krav frå styresmaktene. Døme på dette kan vera svikt i arbeidet med antikvitvask, eit områ med stort fokus og strenge reaksjonar. Banken har hatt stort fokus på dette i seinare tid, og det er etablert gode kontrollrutinar. Me ser likevel at saker kan gå under radaren, og dette kan få store konsekvensar. Ut frå erfaringar frå saker i andre bankar er det naturleg å setja av noko kapital for å ta høgde for slike uventa hendingar. Talfesting av dette er naturleg svært vanskeleg, men me vel å nytta 2,0 mill. for desse risikoformene.

Konklusjon: FORRETNINGSRISIKO/STRATEGISK RISIKO	
Risikograd	Låg
Kapitalbehov Pilar 1	I/A
Kapitalbehov Pilar 2	2,0 MNOK

Systemrisiko

Svikt i interne eller eksterne datasystem er ein vesentleg risiko. Risikomessig er truleg Evry det beste alternativet for banken. Ein bør kunna leggja til grunn vesentleg lågare risiko med ein nasjonal aktør, med gjeldande tilsynsordning, enn utanlandsk. Sikker og konkurransedyktig IT-leverandøravtale er ei vesentleg oppgåve i DSS. Om banken t.d. får langvarig sjukdom innan dette området, kan DSS fjernstyra mykje på vegner av oss og elles hjelpa til. Nøkkelpersonrisikoen er med dette redusert.

Drift og vedlikehald av IKT-plattformar til banken vert ivareteken av Evry. Det har i 2020 vore forhandlingar om ei ny driftsavtale mellom DSS og Evry. Banken går i 2021 inn i ei ny 5 års avtale med Evry som leverandør.

Framover reknar me med aukande svindel med plastkort og dermed risiko for høgare tap på det området. Det er i 2018 gjort avtale med Evry om utvida korttenester, der dei tek seg av overvaking, kortsperringar og reklamasjonar (også utanom banken si opningstid).

Som andre bankar, opplever også Voss Sparebank forsøk på uautoriserte uttak (svindel) frå Nettbank og Nettbedrift. I samarbeid med IT-leverandøren er fleire og effektive tiltak sette i verk for å få kontroll med og stoppa slike forsøk.

Konklusjon: SYSTEMRISIKO	
Risikograd	Låg
Kapitalbehov Pilar 1	I/A
Kapitalbehov Pilar 2	0 MNOK

Risiko knytt til uforsvarleg gjeldsoppbygging

Gjennom etablering og kjøp av bustad, har gjeldsgrada auka dei seinare åra hjå spesielt unge hushaldningar. Gjennom kreditrutinane våre meiner me å ha rimeleg kontroll med slike risikoar og har vanskar med å sjå at våre kundegrupper representerer uforsvarleg gjeldsoppbygging som vil medføra store tap.

Konklusjon: UFORSVARLEG GJELDSOPPBYGGING	
Risikograd	Låg
Kapitalbehov Pilar 1	I/A
Kapitalbehov Pilar 2	0 MNOK

Andre identifiserte risikoformer

Omdømmerisiko

Omdømme kan definerast som summen av forventningar omgjevnadene har til banken, produkta, servicen og aktivitetar i forhold til forretningsmessige, sosiale og finansielle prestasjonar. Omdømme oppstår gjerne i skjæringspunktet mellom forventningar og opplevingar. Det er altså ikkje berre kva som vert levert (opplevinga) som avgjer omdømmet, men kanskje heller kva som vert levert i forhold til kva som er lova eller forventa.

Denne risikoen vert dels ivareteken gjennom utarbeidde styringsdokument og rutinar, men fyrst og fremst gjennom bevisst fokusering på etikk og haldningar hjå dei tilsette. Banken har hatt etiske retningslinjer heilt sidan 2005. Retningslinene vert årleg handsama av styret, med påfølgjande gjennomgang av dei tilsette. F.o.m. 2016 vert slik gjennomgang loggført på kvar tilsett. I banken er alle rådgjevarane autoriserte finansiell rådgjevarar, der etikk er ein del av pensumet. I tillegg gjennomgår alle tilsette Spama-kurset i anti-kvitvasking ein gong i året.

Omdømmerisiko skal vera ein del av vurderingane dei banktilsette gjer i ulike situasjonar.

Konklusjon: ANDRE IDENTIFISERTE RISIKOFORMER	
Risikograd	Låg
Kapitalbehov Pilar 1	I/A
Kapitalbehov Pilar 2	0 MNOK

9 Oppsummering av kapitalbehov

	Pilar I	Pilar 2-tillegg	Kommentarer
Total Pilar I	234,8 MNOK	-	-
Kredittrisiko	219,1 MNOK	-	-
Operasjonell risiko	15,5 MNOK	-	-
Konsentrasjonsrisiko (total):	-	23,2 MNOK	-
Enkeltforetak	-	16,1 MNOK	-
Sektor	-	7,1 MNOK	-
Annan konsentrasjon	-	-	-
Likviditetsrisiko	-	6,5 MNOK	-
Marknadsrisiko Av dette :	-	24,7 MNOK	-
Aksjerisiko	-	7,5 MNOK	-
Renterisiko	-	8,4 MNOK	Renterisiko ex spread-risiko
Valutarisiko	-	0,8 MNOK	-
Spreadrisiko	-	5,9 MNOK	-
Eigedomrisiko	-	2,1 MNOK	-
Risiko banken sine pensjonsplikter	-	-	-
Andre Pilar 2-tillegg:	-	2,0 MNOK	Forretnings- / strategisk risiko
Evt. planleggingsbuffer	-	-	-
Total P2 kapitaltillegg	-	56,4 MNOK	-
Total P2 kapitalbehov i % av beregningsgrl. P I	-	1,92 %	Berekningsgrunnlag 30.09.2020: 2.935 MNOK
Bevaringsbuffer (2,5%) Systemrisikobuffer (3,0%) Motsyklisk buffer (1,0%) Totale bufferkrav	-	-	73,4 MNOK 88,1 MNOK 29,4 MNOK 190,8 MNOK
Total kapitalbehov	Total Pilar I: 234,6 MNOK	Total Pilar 2: 56,4 MNOK	Total P1 og P2: 291,0 MNOK
	-	-	Total P1 og P2 ink. buff.: 481,8 MNOK
Teljande ansvarleg kapital	-	-	746,2 MNOK
Overskot ansvarleg kapital	-	-	264,4 MNOK